

Velkommen!

# last tuesday

1: Mingling, kaffi & kringle.

2: Presentasjon start ca 14:20



Voss herad

## Kommuneplanen sin samfunnsdel

2026 - 2038



# Kommuneplanen sin samfunnsdel

Last Tuesday, 28. oktober 2025


*Martin Kulild, Gunnhild Utkvitne og Kjersti Næss Finne*


# Tre parallelle prosessar

- Revisjon av kommuneplanen (KPS og KPA)
- Ny barnehage- og skulestruktur
- Voss iPluss 2027

# Samfunnsdel (KPS) – arealstrategi – arealdel (KPA)

- **Samfunnsdelen (KPS)** skildrar kva langsiktige mål kommunen har for samfunnsutviklinga. Samfunnsdelen skal kunna fungera som eit politisk styringsverktøy og ha tydelege satsingsområde og mål. Måla i samfunnsdelen skal vera styrande for kva andre planar kommunen vel å utarbeida, og skal også vera grunnlag for prioriteringar i årleg rullering av økonomiplanen.
- Samfunnsdelen skal også innehalda ein **arealstrategi**. Føremålet med arealstrategien er å syna samanhengen mellom framtidig arealbruk og samfunnsutvikling. Arealstrategien skal syna koplingane mellom ynska samfunnsutvikling og arealbruk, og bidra til å «omsetja» mål og satsingsområde i samfunnsdelen til arealpolitiske grep i arealdelen.
- **Arealdelen (KPA)** skal omsetta måla i samfunnsdelen til arealpolitiske verkemiddel og fastsetja rammer for langsiktig arealutvikling i kommunen.





# Revisjon av samfunnsdelen

- Hovudmålet med å revidera kommuneplanen sin samfunnsdel (KPS) er å gjera denne til eit **tydelegare styringsdokument**.
- I arbeidet med KPS vil me prioritera å **vidareutvikla arealstrategien**, og **justera mål og strategiar** i tråd med utfordringsbiletet, aktuelle «vossaplanar» frå førre planbolk samt nye nasjonale og regionale føringar og lovkrav.
- I tillegg skal me arbeida med målstrukturen slik at denne vert lettare å bruka, og **sikra ein «raud tråd»** frå overordna planar, temaplanar til økonomiplan og rapportering.

# Organisering samfunnsdel

- Prosjekteigar: Rådmannen
- Administrativ styringsgruppe: Rådmannen si leiargruppe
- Prosjektleder: Gunnhild Utkvitne (rådmannen sin stab)
- Politisk styringsgruppe: Formannskapet

## Prosjektgruppe:

- Kommunalavdeling helse og omsorg: Gullborg O. Rekve og Vilde Eikeset (Liv Jorunn Solstad)
- Kommunalavdeling kultur og fritid: Trude Letnes og Kirsten Aga
- Kommunalavdeling oppvekst: Hilde H. Rogne og Martine Kilen
- Kommunalavdeling teknisk: Kjersti N. Finne, Kaia Finne, Bjørg L. Ree og Kari Mostad
- Rådmannen sin stab: Liv Myklebust og Lina Hamre

## Ekstern referansegruppe:

Kommunale råd, Voss Næringsråd, Voss Frivilligforum  
Hardanger og Voss næringshage, Voss kulturråd

# Medverknad – eit lovbestemt krav

Medverknad og deltaking i kommunale planprosessar er nedfelt i Plan – og bygningslova sin føremålsparagraf §1-1 der det står:

*«Planlegging og vedtak skal sikre åpenhet, forutsigbarhet og medvirkning for alle berørte interesser og myndigheter»*

Vidare står det i §5-1:

*«Enhver som fremmer planforslag, skal legge til rette for medvirkning. Kommunen har et særlig ansvar for å sikre aktiv medvirkning fra grupper som krever spesiell tilrettelegging, herunder barn og unge. Grupper og interesser som ikke er i stand til å delta direkte, skal sikres gode muligheter for medvirkning på annen måte.»*

(Plan- og bygningslova, 2008)

# For å få alle (som vil) med

- Debattserie i biblioteket – «*Kva slags Voss vil me ha i framtida?*» ("Turistbygda Voss" og "Sykkelbygda Voss")
- Borgarpanel ("*Hyttebygda Voss*", "*Landbruksbygda Voss*" og "*Bilbygda Voss*")
- Frivilligbørs 2025 (i regi av Voss Frivilligsentral)
- Fornybar framtid- veka for 10.klassingar (i regi av Voss Energi)
- «*Psykt bra bygd!*» - Utopiaverkstad for born og unge
- Vossadagane 2025 - "Framtidstru" (i samarbeid med Voss Energi og næringshagen)
- IdéCAMP Energi 2025 (i samarbeid med Voss Energi)
- Fagdag om bustadutvikling (i samarbeid med Husbanken og lokalt næringsliv)
- Mangfaldsveka «*Fargerik juni*» (i samarbeid med Veko og lagslivet)
- Kunstkonkurranse "*Voss når eg vert vaksen*" for born og unge
- Temaveke «*samfunnstryggleik og beredskap*»
- Last Tuesday (i regi av Hardanger og Voss næringshage)
- Folkemøte KPS/ ny barnehage og skulestruktur



# For å få dei folkevalde og dei tilsette med

| Politisk verkstad                            | Når        | Kven                        |
|----------------------------------------------|------------|-----------------------------|
| Mål og målstruktur                           | 12. mars   | Finansråd                   |
| Naturmangfald som grunnlag for arealstrategi | 12. mars   | UKMB                        |
| Arealstrategi og arealnøytralitet            | 24. april  | Finansråd og utvalsleiarane |
| Mangfald og inkludering                      | 15. mai    | Finansråd og kommunale råd  |
| Senterstruktur, barnehage- og skulestruktur  | 11. juni   | LEV og FPL (HTV og HVO)     |
| Jordvern                                     | 27. august | UKMB (FPL invitert med)     |

## Faglønssjar «fem på halv»

Ta med deg nisto og kaffikoppen og kom på faglønssj!

Her kan du risikere å:

- lære noko nytt
- bli kjent med ein ny kollega
- rett og sielt komme i betre humør 😊

### PROGRAM HAUST 2025

- 15. august: Naturverkstaden kjem innom
- 24. september: Samfunnstryggleik og beredskap
- 22. oktober: Skisse til ny samfunnsde
- 19. november: Besøksforvaltning og beitebruk
- 17. desember: Folkehelse og samhandling



Faglønssjane tar opp tema som vert sett fokus på i samband med revisjon av kommuneplanen. Alle faglønssjane startar fem på halv tolv i kantina og varar ein god halvtime.

Me sest på faglønssj 😊

# Forventningar og føringar



# Forventningar og føringar



Kommunal- og distriktsdepartementet



## Vossaklima 2030

frå krise til handling og framtidstru

KOMMUNEDELPLAN FOR KLIMA, KLIMATILPASSING OG GRØNN OMSTILLING  
2022 - 2034



## SNU Voss

STRATEGISK NÆRINGSUTVIKLING I VOSS HERAD  
Temaplan 2023 - 2030



Voss herad

## Tidleg innsats og livsmeistring

Kommunedelplan  
2024 - 2034



Foto: Per C. S. Norekvål



Voss herad



## Kulturmiljøplan 2022-2032

KOMMUNEDELPLAN FOR KULTURMINNE, KULTURMILJØ OG LANDSKAP I VOSS HERAD

PlanID: 3030005  
Vedtatt i Utval for kultur og natur: 09.03.2022  
Vedtatt i Hæradsstyret: 17.03.2022

## FOLKEHELSEOVERSIKT

VOSS HERAD  
2024-2027



Voss herad

## VossaROS 2023

OVERORDNAD RISIKO OG SÅRBARHEITSANALYSE FOR VOSS HERAD  
Everybody has a plan until they get punched in the mouth.  
-Mike Tyson-



Foto: Gunnar Berge



## DEMENSPLAN

2023 - 2030

SAMAN OM EIT DEMENSVENLEG VOSSASAMFUNN



Kunnskapsgrunnlag Planstrategi 2024 - 2027 - Voss herad



Mental helse

Økonomisk kriminalitet

Demografi

Sosial ulikskap  
Flaum

Ekstremvær

Kommunale bygg

Samarbeid for å nå måla

Folkehelse

Grøn omstilling

Knappe ressursar

Utanforskap

Kommune 3.0

Digitalisering

Rekruttera og behalda

Klimatilpassing

Interkommunale samarbeid

Naturkrise

Økonomisk handlingsrom

Naturmangfald

Integrering

Nedbygging av areal

Klima

Bustader

Miljøvenleg transport

Flyktningekrise

Vassskulen

Kompetanse

Cyberkriminalitet

# Hovudutfordringar og sentrale utviklingstrekk

1. Vekst, velferd og virke
2. Utanforskap
3. Klima, miljø, natur og beredskap

- Demografi
- Folkehelse
- Klima, miljø og natur
- Samfunnstryggleik og beredskap
- Sterkt regionsenter og levande grender
- Bustadutvikling
- Næring
- Økonomi



# Viktige grep i ny samfunnsdel

1. Me definerer kva me meiner med «sterkt regionsenter og levande grender»



Ny senterstruktur *(ligg også som grunnlag i sak om ny barnehage- og skulestruktur)*

2. Forenkling – tydelegare styringsdokument
3. Me set nye overordna mål som svarar på utfordringane våre for åra som kjem – og set eige overordna mål for kommuneorganisasjonen

# 5 overordna mål (og 51 strategiar)



1. Voss er ein attraktiv stad å bu, besøkje og driva næring, der kulturkrafta fremjar både vekst og vern (9 strategiar)
2. Voss er bygd for alle, og innbyggjarane opplever meistring, tryggleik og deltaking i fellesskap (16 strategiar)
3. I Voss kuttar me klimagassutsleppa og tek vare på naturen for framtidige generasjonar (9 strategiar)
4. I Voss er me budd på å handtera større uynskte hendingar (11 strategiar)
5. Voss herad er ein berekraftig kommuneorganisasjon, økonomisk robust med tenester på rett nivå (6 strategiar)




Voss herad

# Arealstrategi og ny senterstruktur

## Utviklingsstrategi – sterkt regionsenter og levande grender - ny senterstruktur


- Bustadbygging
- Offentlege tenestetilbod
- Handel og service
- Energi, næring og industri
- Reiseliv
- Fritidsbustader
- Kyst- og strandsone
- Jordvern
- Natur




## Senterstruktur

**viktig for langsiktig  
samfunnsutvikling**


**Noverande senterstruktur**



## Levande grender



## Sterkt regionsenter



Kjelde basert på data fra: <https://kart.ssb.no/>


## Ny senterstruktur

### ➤ Regionsenter

### ➤ Grendasenter


i form av knutepunkt langs tre aksar

- tilretteleggja for langsiktig utvikling
- samla tenestetilbod og kanalisera framtidige kommunale investeringar
- skapa føreseielegheit
- samla funksjonar, både offentlege og private, og utvikla og attraktive stader
- byggja sterke grendasenter som ivaretek ønske om levande grender i heile Voss herad





# Grendasenter - kva er vurdert

- «Befolkningskart» - kor folk bur
- Historiske og stadlege kvalitetar
- Offentlege og private tilbod
- Avstandar - sentralitet
- Flaum- og skredfare
- Dyrka mark
- Infrastruktur som veg, bane og VA
- Utviklingspotensiale, bumiljø , arealreserve
- Kommunal eigedom



# Senterstruktur i dag



**Regionsenter**





**Lokalsenter**



**Nærsenter**

# Forslag til ny senterstruktur



**Regionsenter**



**Grendasenter**

# Kva seier arealstrategien om ny utvikling?

## ➤ Bustadbygging


- I tilknytning til eksisterande sosial og teknisk infrastruktur
- I hovudsak knytt til regionsenteret
- Noko knytt til dei tre grendasentera
- I tillegg - mogleg å søkja om einskildtomter

## ➤ Offentlege tenestetilbod

- I hovudsak Vossevangen
- Tettast mogleg på dei tre grendasentera

## • Handel og service

- På Vossevangen i tråd med sentrumsplanen
- Grendasentera og etablerte bumiljø - daglegvarehandel og servicetilbod som stør opp om nærmiljøet og reduserer transportbehovet til innbyggjarane



# Kva seier arealstrategien om ny utvikling?

## ➤ Energi, næring og industri


- Grå areal/utbygde område
- Samlokalisering og symbioseeffektar
- Tilgang på fornybar energi
  - Istad
  - Bjørkemoen
  - Bømoen
  - Tvildemoen
- Energistasjon
- Kraft- og energiproduksjon

## ➤ Reiseliv

- Etablerte reisemål og infrastruktur
  - Kollektivtransport
  - Besøksforvaltning
- Myrkdalen, Bavallen, Voss ski- og tursenter
- Turistbussar
- Bubilparkering og camping

## ➤ Fritidsbustader

- Ikkje nye område
- Myrkdalen, Bavallen og Voss ski- og tursenter



# Framdrift




Revisjon av kommuneplanen - Voss herad

Kommuneplanen sin samfunnsdel

# Folkemøte

- Onsdag 29. oktober: Granvin
- Torsdag 30. oktober: Evanger
- Tysdag 11. november: Vossestrand
- Onsdag 12. november: Sentrum



## Kommuneplanen sin samfunnsdel

2026 - 2038



Tusen takk for oss 😊